

NVE  
Postboks 5091 Majorstuen  
0301 OSLO

Vartdal, 14.10.2017

**Fråsegn ved høyring: Søknad frå Tussa Energi As om løyve til opprusting og utviding av Vartdal kraftverk i Ørsta kommune.**

Vi viser til høyring av over nemnde sak med frist 20.10.2017. Grunneigarane kring anlegget har i møte 14.10.2017 drøfta saka og har basert på at det som omsøkt ikkje vert demt opp eller nedtappa meir enn i dag, fylgjande fråsegn:

Vi er generelt positive til at Vartdal kraftverk vert satsa på, då anlegget klart treng fornying. Vi er opptekne av at dette skjer på ein måte som ikkje forringar landskap- og naturoppleving, og som ikkje skaper vanskar for folk, fe og vilt.



Skal det vere slutt på fossane nedetter Skaret? Oktober 2015

**Minstevassføringa. Røyrgata**

-Omsøkt minstevassføring på Risaskarelva på 5 l/s er for låg. Skareelva som ho til dagleg vert kalla, vil ved ei slik vassføring i praksis vere turr. Til samanlikning hadde vi om lag 50 l/s i turversperioden i haust. Då kunne ein gå turriskodd over elva. Mindre enn 50 l/s er uakzeptabelt. Skareelva er den største fjellelva på Vartdal og er i dag klårt synleg frå store deler av bygda, frå andre sida av fjorden – og for dei som ferdast i fjorden, inkl. frå turistskip. Den kvite stripa av vatn og liv i Skareelva er såleis ein verdi for langt fleire enn grunneigarane.

-Vi kan ikkje sjå at det er utgreidd alternativ til røyr i dagen. Dei kan klart ikkje gravast ned i brattene, men tunnel som er vanleg i tilsvarande situasjonar elles i dag, er ikkje vurdert. Kvifor skal ein ikkje ha det på Vartdal? Vurdering er naudsynt.

-Det er foreslått større røyr i eksisterande røyrgate. Det er bra at det ikkje vert lagt opp til ny plassering av røyrgate. I dag kan folk og dyr kome seg under eller over røra utan større vanskar. Av praktiske og tryggleiksmessige årsaker lyt lett passasje for dyr/folk på tvers av røyrgata vere mogleg også på det nye anlegget.

#### **Minimalisere inngrep. Sikre fri ferdsel.**

-Søknaden skil i kartvedlegg mellom midlertidig inngrep og permanente inngrep. Kan begrepet midlertidig inngrep brukast om anna enn fjerning av buskas i nedre deler av røyrgate/trase? Dersom ein set spor i nakne svaberg under arbeid så er desse uansett permanente. Kva meiner Tussa her?

-Det lyt generelt setjast krav om å prøve å minimalisere naudsynte inngrep, kring dam mm spesielt. Elvarestane vest av innerste damhuset er t.d. ein triveleg stad sommarstid og bør også sikrast ei ørlita minstevassføring vidare. Riggområde nedstraums Lisjevatnet treng ikkje inngrep i svaberga så langt til sides for sjølve røyra.

-Det skal sørkjast for overgang eller gangbru ved begge damhusa, slik at folk og fe kan ferdast trygt over, uavhengig av vassføring og årstid.

-Brua nede ved kraftstasjonen skal ha led som kan latast att. Dette ledet må vere slik at det og kan stå ope.



*Skarevatna mot Heidane september 2017. All ferdsel mellom Risaskaret og Heidane går ved damhusa.*

### **Anleggsperiode.**

-Anleggsarbeid på fjell/røyrgate og helikoptertrafikk må ikke skje i beitesesongen (på fjellet midt juni- midt oktober, på beiteområde nede mai-oktober). Det er i vårt land ikke lov å sprengje eller skremme dyr på vann/utfor skrentar. Uklok helikopteråtferd i beitesesong har skjedd gjentekne gonger frå Tussa Energi AS si side oppe på Risaskaret, samt på beitemark nedanfor Fosshola. Vi forventar rutinar inkl. krav om kontakt med grunneigarar med dyr på beite oppe som nede.

-Anleggsområda må sikrast slik at skade ikke kan skje på dyr eller folk. Også under anleggsperioden skal det og vere mogleg å kome seg over ved damhusa. Tussa Energi As skal såleis ikke kunne stenge av ferdsselsårer for turgårar og dyr. Også dette har som tidlegare nemnt under røyrgate eit tryggleiksaspekt.

-Ved riving/utbygging av kraftstasjon i Fosshola må byggeområdet vere innegjerda, med god avstand til rås, som sjølvsgart skal haldast oppe.

### **Permanent naudvassløysing**

-Grunneigarane finn det vesentleg at Tussa Energi AS kjem i dialog med Vartdal vassverk og fleire, i samband med søknad om fornying og utviding av Vartdal kraftverk, utgreier kva som skal til for at naudvatn til Vartdal vassverk skal kunne takast frå Store Risaskarvatn, som alternativ til Nedre Svartevatnet. Nedre Svartevatnet er inngrepsfritt og ligg svært sårbart til. Store Risaskarvatn er større og uttak vil moglegvis ha noko mindre konsekvensar visuelt og praktisk. Men også her kan naturkostnadane verte for store. Under synfaringa var der ingen frå Tussa som kunne seie kor djupe vatna var.

Jfr vår fråsegn til Vartdal vassverk lyst det stillast spørsmål om grunnlaget for permanent naudvassløysing har minka sidan søknaden i 2010. Ny vasskjelde som er kome til etter 2010 er verksemduene si grunnvassboring. Tetting av forbygging/rør etter Tussa sin søknad, vil også medføre større volum til Vassverket. Samstundes er gjenvinning av vatn mogleg og normalt ved oppdrettsanlegg utan at dette er gjort her i bygda.

*Det trengs eit vassrekneskap i utgreiinga i søknaden til Tussa eller Vassverket, som viser kva dei ulike kjeldene gir, korleis tilgjengeleg vassmengd er endra og om behovet for permanent naudvasskjelde er det same som i 2010, og sidan vasstilgangen til verksemduene har og vil auke, kvifor treng ein enno meir? Dersom det som trengst til ordinær drift og verksemder heile tida aukar som følgje av produksjonsutviding hjå verksemder, vil det oppstå eit evig press for ny/større «naudvasskjelde». Då bør gjennvinning av vatn inn snarast. Og det kan ikke vere Vartdal vassverk si oppgåve å gje desse uavgrensa tilgang til vatn, ved å øydeleggje vår fjellverd. Under synfaringa med NVE vart det også stilt spørsmål til hevertrøyra som ligg skjemmande til i Nedre Svartevatn. Desse bør bli fjerna omgåande ved avklaring.*

Naudvassproblematikken eksisterte ikke før det vart levering til settefiskeanlegget. Spørsmålet er om 8-toms leidninga til settefiskeanlegget ligg høgare i inntaket i brønnen til vassforsyninga? Det er

vanskeleg å få innsyn i avtalane mellom vassverket og Tussa as. Ei anna naudvassløysing er eit samarbeid med det kommunale vassverket i bygda.

Vi forstår at Tussa Energi AS ved fyrste tanke kanskje ikkje finn naudvassutgreiing som deira oppgåve, men når vatnet går gjennom turbinane deira har dei økonomisk utbytte av naudvatnet og ei utgreiing kan ikkje reknast dei som samfunnsaktør uvedkomande. Både Tussa og Vartdal vassverk er pliktig til å söke å redusere innverknaden deira bruk av naturressursar har på landskapet.

Eit nauduttak for vatn frå Store Risaskarvatn kan om denne ikkje får stor innverknad vurderast utifrå omsyn til natur og miljø, men denne prisen kan og bli for høg. All planlegging av tiltak pliktar å forvalte naturressursar, utifrå ei erkjenning av at dei ikkje er uavgrensa. Dette gjeld og Tussa Energi AS og Vartdal Vassverk inkl. brukarverksemder der det vert sagt at berre vasstilgang utgjer produksjonsavgrensinga.

Vi reknar det som Tussa Energi As si oppgåve å halde av nok vatn til Vassverket, så sant ikkje krava om vasstilgang til verksemder vert urimeleg til hinder for deira verksemd.

Vi minner også om at avtalane mellom Vassverket og oppdrettsanlegget er slik at røyra til oppdrettsanlegget skal leggast ovanfor vassverket sitt uttak. Korleis blir dette av i den nye planen? Alt vatn kan ikkje gå i røyra til Vassverket/Oppdrettsanlegget. Risaskarselva nedom stasjonen og ned til Storelva skal og ha vatn, både til beitande dyr og til å oppretthalde livet i elva. Minstevassføringsvatnet skal kunne renne fritt her frå og ut i Storelva og vidare ut i fjorden. Det bør vere mogleg å kunne ha innsyn i kva mengder av vatn som kjem til å gå til minstevassføring og vatn som går gjennom røyra til kraftverket. Kan NVE ha ei rolle her?

### **Beredskap og sikkerheit**

Det er også viktig at Tussa Energi As og vassverket samarbeider om at det blir bygd eit dagmagasin. For eit vassverk bør 1.prioritet vere å skaffe vatn til innbyggjarane og 2.prioritet bør vere å ha nok trykk til brannhydrantar. Dette var ikkje tilfelle ved siste husbrann.

### **Miljøplan/søknad**

Det bør utarbeidast ein miljøplan som gjennom forklaring og visualisering spesifiserer tiltaka betre enn i eksisterande søknad og som viser avbøtande tiltak. Miljøplan bør høyrast. Vi kan imidlertid ikkje sjå at alle dei spørsmål vi her reiser kan løysast gjennom ein miljøplan etter løyve er gitt. Grunnleggande utgreiingar og visualiseringar høyrer søknaden til.

### **Rettar**

Grunneigarane har ikkje med dette avstått frå privat rettslege krav om t.d. utbytte frå produksjonsauken inkl. naudvatn enten frå Nedre Svartevatnet eller Risaskarvatnet. Vi kan ikkje sjå at det er godt gjort at Tussa Energi har konsesjon til naudvatnet.

Med helsing  
Grunneigarane

Øyunn Kleiva  
Øyunn Kleiva

Bjørn Sævik

Geir Hole  
Geir Hole

Viggo Håvoll  
Viggo Håvoll

Anne Pilar Aarseth

Anne Pilar Aarseth

Kontaktperson ( Mob: 41606822)  
Kvithaugane 24, 6170 Vartdal  
E-post: annepilar.aarseth@gmail.com

Grunneigarane oppe på Risaskaret frå matrikkelgardane Vartdal, Remen og Saltre  
og grunneigarane i fallet frå matrikkelgardane Remen og Vartdal

Kopi:  
Ørsta kommune  
Fylkesmannen i Møre og Romsdal  
Møre og Romsdal fylkeskommune  
Tussa Energi AS  
Vartdal Vassverk  
Naturvernforbundet  
Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap



*Ungdom frå Vartdal og Remen på Bergehornet. Store Risaskarsvatnet under, Nedre Svartevatnet ca midt i bildet bak. Tryhornet ragar midt bak. Ca 1935-40?*